

Styret i OSG

Arnfinn Beito, leiar

Anders Svare, nestleiar

Anne Kari Veikleenget, styremedlem og representant frå Ring 41

Ellen Marie Sørungård Syse, styremedlem

Tore Krogsveen, styremedlem og geiterepresentant

Bjørn Even Stenberg, 1. vararepresentant til styret

Dere vert innkalla til styremøte i OSG på Norlandia Otta Hotell, torsdag 5. juni 2014 kl. 10.00. Styremøte startar etter planen kl. 12.30 etter at møtet m/Mattilsynet og rep. for dei 21 beitebrukarane med varsla beitenekt 2015 er over.

Sakliste:

Sak 30/2014: Referatsaker

- a) Sendt innspel til brev/uttale til rovviltnemnda og fylkeskommunen til fagлага i Oppland
- b) Lagt ut på nettet artikkel om dialogmøte med SNO og om seminar i Langsua nasjonalpark
- c) Sendt e-post til lokallagsleiarar om nettsida, positive og negative hendingar med SNO og seminaret i Langsua.
- d) Sendt e-post til Anette Jørstad om at Arnfinn Beito går inn som medlem i prosjektet «Effektiv skadefelling»
- e) Skrive og sendt svar på søknad til Gausdal Skytterlag angående søknad om midlar til kjøp av bjørnebane.
- f) Nettsida er oppdatert m/tillitsvalde, organisert beitebruk, slips på sauene, om lag 25 nyheitsartiklar og om lag 75 nyheitssaker på freda rovvilt-artikkelen. Det er sendt førespurnad til FMOP, OB og OBS om dei kan vera med på spleising av oppdateringa på heimesida rundt freda rovvilt i Oppland med kr. 5000,- kvar.
- g) Arnfinn har via Mattilsynet fått tilgang på namna på dei 21 beitebrukarane med varsel om beitenekt i 2015, og alle desse har fått skriftleg invitasjon til møtet 5/6 2014. Mattilsynet er positive og møter m/ 2 mann, jmf. samtale m/Knut Romsås Breden.
- h) Styremøte i NSG 2/6, Pål.
- i) Arnfinn og andre i styret har møtt på følgjande møter/seminar sidan sist:

Sak 31/2014: Beitenektsak for 21 beitebrukarar i jervesona

Møte i forkant av styremøte:

Mattilsynet legg fram saka.
21 beitebrukarar ser saka frå sine ståstar.
Oppfølging av møtet, kva gjer styret vidare?

Sak 32/2014: Rovviltsaker

Referatsaker:

Miljødirektoratet gav 7/5 ut eit nasjonal betinga fellingsløyve på 5 ulvar og har òg etter påtrykk gjeve fellingsløyve på bjørn før denne har gjort skade på bufe. Dette har førebels resultert i at 2 ulvar og 2 bjørnar har vorte felt i Oppland i mai:

<u>RovbaseID</u>	<u>Art</u>	<u>Kjønn</u>	<u>Alder</u>	<u>Dødsdato</u>	<u>Funnsted</u>	<u>Vurdering</u>	<u>Kommune</u>
M407039	Bjørn	Hann	Vokse	18.05.2014	Øvre Svatum	Dokumentert	Gausdal
M407022	Ulv	Hunn		15.05.2014	Slomba ved Lemonsjøen	Dokumentert	Vågå
M407023	Bjørn	Hann		15.05.2014	Digeråsen	Dokumentert	Øyer
M406991	Ulv	Hunn		10.05.2014	Fiskedalen	Dokumentert	Nord-Fron

I tillegg er dette teke ut av jerv: 25/4 vart 3 kvalpar teke ut i Storfjellet i Ringebu, 3/5 var det teke ut 1 tise m/2 kvalpar i Langsua i Sør-Fron og 4/5 vart det teke ut 2 kvalpar i Grimsdalen i Dovre.

Aktuelle andre rovviltsaker v/Arnfinn.

Sak 33/2014: Saker frå Oppland Radiobjøllelag

Referatsaker:

- Det er vedteke delt ut om lag 2225 radiobjøller og 715 findmysheep for beitesesongen 2014.
- Det er kjøpt inn lodd/plater for nye brukarar av radiobjøller og 100 ekstra radiobjøller for å dekkja opp.
- Det er førebels kome inn tilskot på kr. 250.000,- frå FKT-midlar hos rovviltneimnda i Oppland. Om lag 40 av 240 brukarar har enda ikkje betalt avgifta.
- Det er kjørt ut utstyr og plassert hos kontaktpersonar i ulike regionar/lokallag, med turar til Fåberg/Toten/Nordre Land, Gausdal, Valdres/Fåvang/Ringebu, Øyer, Dovre/Vågå og Lesja som dei lengste.

Sak 34/2014: Saker frå værring 41/avlсутvalget

Referatsaker: Styret har bede avdelingane om råd fram til avlсутvalg og avlsrådsmøte 16.-18/6, jmf. nettartikkellagt ut som «Nytt frå avlсavdelinga» den 27/5 på

<http://www.nsg.no/nyheter-aktuelt/nytt-fraa-avlсavdelinga-article7747-914.html>

Sak 35/2014: Geitesaker

Referatsaker.

Oppfølgingssak: Viser til referat frå føre styremøte: «Alle besetningar i Oppland er no sanert. Sauebesetningar m/nærkontakt av sanerte geitebesetningar vert det teke blodprøver av. **Tore sjekkar om konsekvensar av dette fram til neste styremøte vedrørande myndighet og ulik praksis. Han må ta kontakt med Nils Leine for å få høyra korleis dette skal gjerast i framtida.** Får t.d. sauebesetningar kompensasjon for å slakta søyer med eventuelle påvist byllesjuka? Kva gjer at prøvene vert konstaterte positive og negative av ulike laboratorium?»

Sak 36/2014: Saker frå Gjetarhundsaker:

Referatsaker.

Saker:

Sak 37/2014: Oppfølgingssak under «Arbeidsplan 2014»:

Viser til referat frå førre styremøte: «Sidsel delte ut ulike brosjyrar for ulike prosjekt, som styret kunne arbeida vidare med. Anne Kari viste til at ho driv ungdomskurs i regi av Oppland Gjetarhundlag, og at desse arrangementa kunne brukast som ein start. **Ellen og Anne Kari vert utfordra til å koma med ein arbeidsplan for hausten på neste styremøte.** Andre tema kan vera: Sambeite sau/geit og storfe. Gjerding, erfaringsutveksling, lover/plikter. Fellesprosjekt tema geit saman med Tine.»

I forhold til kulepunktet om gjerder vil styret i OSG be lokallagsleiarar om å koma med innspel om lokale utfordringar om temaet. Dovre har kome godt i gang med denne prosessen i regi av Mattilsynet. Ellen prøver å leite fram dette brevet, som vi kan bruke i saka.

Sak 38/2014: Artikkel i GD:

Viser til artikkel i GD, <http://www.gd.no/nyheter/article7344065.ece>, der Anders Svare kommenterte det uheldige tilskotet som i fleire år har vorte gjeve på uproduktive søyer.

Nokre medlemmer har reagert på innlegget, styret ser på dette og fatter vedtak om dei støtter innlegget eller ikkje.

Sak 39/2014: Eventuelt:

Øystre Slidre, 1/6 2014

Arnfinn Beito, leiar